

# Årsmelding og rekneskap 2001



det norske teatret



BØR BØRSON, Paul-Ottar Haga og Iren Reppen

# ÅRSMELDING FRÅ L/L DET NORSKE TEATRET FOR 2001

## REKNESKAP, ØKONOMI OG ORGANISASJONSFORHOLD

Vi tek til å sjå gode resultat av snuoperasjonen dei siste to åra. Kostnadene er no nede på det nivå styret føresette. Også i år kan vi melde om overskot.

Vi er på rett veg mot tryggarø økonomi – takk vere god leiarsskap, vel gjennomtenkt repertoarval, betre organisering, sterk styring med kostnadene - og godt kostnadsmedvit, innsats og skjøn for teatrets situasjon i huset. Men vi er ikkje framme – og vi kan ikkje snu eller twike midt i elva. Vi må finne veg mellom steinar og straum fram til turt land.

Resultatrekneskapen syner eit overskot på 4,006 mill. kroner.

Tilskotet frå staten til teaterdrifta var 95,995 mill. kroner. Eigne inntekter 22,295 mill. kroner, finansresultat 0,381 mill. kroner. Kostnadene til drift og vedlikehald var 114,158 mill. kroner, ordinære avskrivningar 4,448 mill. kroner, i alt 118,606 mill. kroner.

Rekneskapslova fastset at alle pensjonsplikter som teatret har, skal innarbeidast i rekneskapen som ei avsetning. Dette førte til at den balanserte eigenkapitalen vart negativ. I 2001 har Stortinget gitt eit eigenkapitaltilskot som dekkjer pensjonspliktene. Førebels er desse midlane, som er bundne, ikkje overført teatret, men blir

vist som eit bunde lån til staten. Som følgje av dette tilskotet, har teatret pr. 31/12 ein positiv eigenkapital.

Rekneskapen for 2001 er avslutta med den føresetnad at drifta held fram.

I åra framover har teatret eit stort behov for å fornye det tekniske utstyret. Huset er 17 år gammalt og mykje er forelda og må skiftast ut. Her er det tale om tals millionar.

Dialogen med departementet er god. Stortinget har følgt tilrådinga frå departementet, og vi har også i år fått noko volumauke. Særleg viktig er det at vi har møtt forståing for at utskiftinga av utstyr er ein unntakssituasjon der teatret og departementet må hjelpast å for å kome vidare. I år 2001 fekk vi 5,5 mill. kroner i ei omframt løyving til utskifting av teknisk utstyr. Av dette er 2,2 mill. kroner nytta i 2001, resten blir overført for investering i 2002. I tillegg har Stortinget vedteke ei omframt løyving på 5 mill. kroner for 2002.

Ei særleg glede var det da Stiftinga Fritt Ord raust la 6 mill. kroner på bordet til nytt lydanlegg. Dette blir investert i 2002.

I samarbeid med Sponsor Service ASA har vi no inngått to sponsoravtaler med Posten Norge BA og Hydro Texaco AS. Dei gjeld frå nyåret 2002.

Teatret følgjer framleis strategiplanen som kom i stand på slutten av 1999 og som vert revidert etter kvart som mål vert nådde. Eit styreseminar har stått for revisjonen og har drøfta spørsmål som vi ventar blir aktuelle når det offentlege scenekunstuvalet kjem med si tilråding 22. mars 2002. Styret legg vekt på å vere i front og bu seg på framtida når det gjeld den teaterpolitiske utviklinga.

Teatret held fram med medlemskapen i ETC (European Theatre Convention).

Teatret hadde ved utgangen av rekneskapsåret 231 fast tilsette. Av dette var 35 deltidsstillingar. Dette utgjer 215 årsverk, (218 i 2000). I tillegg hadde teatret 2 lærlingar.

## SJUKEFRÅVÆR

Sjukefråværet i 2001 var på 6,5 % (5,9 % i 2000). Denne auken kjem av fleire langtidssjukmelde det siste året. Det har ikkje blitt rapportert om alvorlege arbeidsulykker i 2001.

## ARBEIDSMILJØ

Fargeriet vart gjenopna hausten 2001. Det er bygt om etter Arbeidstilsynet sine føreskrifter.



*WERTHER, Hallvard Holmen*

Styret meiner at arbeidsmiljøet ved teatret er tilfredsstillande. Teatret driv ikkje verksemد som forureinar det ytre miljøet.

#### **SAMARBEID MED DEI TILLITSVALDE**

Samarbeidet med dei tillitsvalde for dei sju arbeidstakarorganisasjonane og fagsjefane har vore konstruktivt og medverka positivt til drifta. Dette er med

på å skape eit godt klima og verkar førebyggjande på konfliktar.

Styret vil takke alle tilsette for god og heilhjarta innsats for Det Norske Teatret i 2001.

Oslo, 31. desember 2001  
4. mars 2002

Berge Fur  
*styreleiar*

Magnus Rindal  
*nestleiar*

Pål Pande-Rolfsen

Magne Lindholm

Vidar O. Steine

Siri Hatlen

Herbjørn Sørebø

---

Vidar Sandem  
*teatersjef*

---

Nina Lorentzen  
*direktør*

# KUNSTNARLEGE AKTIVITETAR I 2001

Det Norske Teatret spela i år 2001 i alt 916 framstyringar.

Av desse var 227 på Hovudscenen, 160 på Scene 2, 81 på Prøvesalen, 14 laurdagsmatinéar, 52 gjesteframstyringar i huset, 104 framstyringar på turné/opp-søkjande og 278 andre arrangement. Samla publikumstal var 188.890, vel 5.000 fleire enn i 2000.

## REPERTOARET 2001

Det Norske Teatret ruver sterkt i teaterbiletet – både med nyskapande sceniske uttrykk, utvikling av norsk dramatikk og formidling hit av det som skjer ute.

Samtidig er det viktig at teatret sterkt og markert spelar si rolle som flaggskipet for den nynorske kulturtradisjonen i hovedstaden. Medvit om dette skal prege huset ideologisk og praktisk – innetter og utetter - frå oppslagstavla til repertoarvalet. Det vert òg lagt stor vekt på å utvikle teatret vidare som musikkteater.

I 2001 var det 150 år sidan Arne Garborg vart fødd. Opninga av Garborg-året vart markert med ei stor festframstyring i Det Norske Teatret med HKH prinsesse Märtha Louise til stades. Vi hadde fleire arrangement gjennom heile året. På Prøvesalen spela vi ei nydramatisering

av *Fred*, av og med vår eigen skodespelar Elisabeth Matheson og Synneva Erland. Ein annan av våre tilsette, Sigve Bøe, spela sitt eige stykke *Hulda+Arne=sant* både her i huset og på ein omfattande turné. Vi tok imot *Trette menn* som gjestespel frå Rogaland Teater, og Teater Createx gjesta oss med *Frie forhold*. Vi opna Scene 2 for *Huldasalongen* og hadde dessutan fleire laurdagsmatinéar som heidra Arne og Hulda Garborg. Lunsj & Lyrikk var òg sterkt fokusert om desse to sentrale personane i vår nære historie. Vi avslutta året med ein Garborg-konsert i samarbeid med Kringkastingsorkesteret den 20. oktober.

Vi tok publikumssuksessen *Ronja Røvardotter* med inn i det nye året etter premièren i 2000. Framstyringa vart spela 43 gonger. *Romeo og Julie* av William Shakespeare var første premièren i 2001. Den svenske instruktøren Ronny Danielsson skapte ei framstyring som appellerte til eit yngre publikum. Framstyringa vart spela 26 gonger for nærmast fulle hus, og det er lenge sidan teatret har vore fylt med så mykje ungdom. Folkekomedien *Skjergardsflørt* hadde premièren 22. mars, og vart spela 48 gonger.

Hovudsatsinga på Scene 2 og Prøvesalen denne våren var ny nordisk dramatikk. Det var ei vellukka satsing som gjorde Det

Norske Teatret synleg både nasjonalt og internasjonalt. Vi sette opp dei tre mest sentrale nollevande dramatikarane i Norden, Line Knutzon frå Danmark, Lars Norén frå Sverige og vår eigen Jon Fosse. To av framstyringane hadde urpremière på Det Norske Teatret.

Vi starta satsinga på Scene 2 11. januar med urpremière på Lars Norén sitt stykke *November*, med Lars Norén sjølv i registolen. På pressevisinga var det enorm interesse med presse frå Noreg, Norden og dessutan fleire europeiske aviser. *November* vart ein stor kunstnarleg siger for teatret. Mellom anna vart den nominert til Hedda-prisen som årets framstyring i Noreg og fekk strålanke kritikkar i europeisk presse. Vi hadde dessutan fulle hus heile speleperioden. *November* vart spela 34 kveldar. Så følgde urpremière på *Vakkert* av Jon Fosse. Dette vart òg ein kunstnarleg siger for teatret med fulle hus på alle framstyringane. *Vakkert* var eit samarbeidsprosjekt med Teatret Vårt i Molde, eit samarbeid begge partar hadde stor glede av. Instruktøren Kai Johnsen vart nominert til årets Hedda-pris for beste regi. *Vakkert* vart spela 26 gonger på Scene 2.

På Prøvesalen opna vi det nye året med premièren den 23. januar på enda eit

nyskrive nordisk stykke, *Snart kjem tida* av danske Line Knutzon. Marit Moum Aune hadde regien. Vi hadde godt besøk dei 24 kveldane framsyninga gjekk. 26. april var det Noregspremiere på *Beogradtrilogien* av Biljana Srbiljanovic. Lars Erik Holter, elev ved regilinja på Statens Teaterhøgskole, gjorde si diplomoppgåve med denne framsyninga. Den vart spela 22 gonger. Det var ein vellukka debut for Lars Erik Holter.

Vi opna haustsesongen på Hovudscenen med *Historier frå Wienerskogen* av Ödön von Horváth. Vi fekk ein av dei mest ettertrakta instruktørane i Europa, ungarske Tamás Ascher, til å setje i scene. Framsyninga vart spela 23 gonger. 13. oktober hadde vi premiøre på årets store publikums-suksess, *Bør Børson*, av Johan Falkberget/ Harald Tusberg/Egil Monn-Iversen. Paul-Ottar Haga og Rolv Wessenlund briljerte som den unge og den gamle Bør. Marit Moum Aune hadde regien. *Bør Børson* gjekk 48 kveldar. Vi avslutta året på Hovudscenen med ei storsatsing for heile familien, *Pinocchio* av Klaus Hagerup og Guttorm Guttormsen, fritt etter Carlo Collodi. *Pinocchio* vart godt motteken av både kritikarar og publikum. Den gjekk 38 gonger. På grunn av stor publikumsinteresse tok vi med oss både *Pinocchio* og *Bør Børson* inn i 2002.

Scene 2 opna haustsesongen med enda ein Noregspremière, *Standard Selection* av svenske Agneta Pleijel. Den sentrale svenska instruktören Björn Melander gjesta oss for andre gong. Framsyninga gjekk 26 kveldar. 2. november hadde vi

première på *Werther*, bygd på Goethes roman. Dette var ei framsyning med Hallvard Holmen som einaste skodespelar, og saman med han musikarane Martin Horntveth og Arne Nøst. Regien var ved Jan Grønli. *Werther* vart godt motteken av kritikarane, og det var gledeleg stort publikumsbesøk på denne eksperimentelle framsyninga. Den 8. november tok Ragnar Dyresen og Marit Kolbræk opp att *Teskjekjerringas julestrid* av Alf Prøysen, til stor glede for både små og store. *Teskjekjerringas julestrid* gjekk for 47 utselde hus.

Vi opna haustsesongen på Prøvesalen med *3ogtosaman*, eit samarbeidsprosjekt med Nina Lill Svendsen. Dette var eit prosjekt med dansarar frå det frie miljøet og skodespelarar frå huset, eit vellukka eksperiment som vart godt motteke av presse og publikum. Den 18. september hadde vi premiøre på enda eit samarbeidsprosjekt, *Fred* av Arne Garborg. Vi spela *Fred* 8 kveldar. På grunn av stor publikums-tilstrøyming sette vi inn ekstrafram-syningar av *Vakkert* på Prøvesalen i haustsesongen. Framsyninga vart spela her 14 gonger.

Det har vore stor aktivitet i foajeområda i 2001. Ikke minst har *Eventyrforteljeteatrerstund* vore populært. Det var ei stor glede og ære at HKH prinsesse Märtha Louise las eventyr på to fram-syningar saman med teatrets eigne skodespelarar. *Ord over grind* er eit anna prosjekt som publikum set stor pris på. Her kan dei sjølve setje saman programmet ved å levere inn ønske om

dikt dei vil ha lesne. Tone Ringen tok initiativet til og leier *Ord over grind*. Vi hadde også stort besøk på vår daglege *Lunsj & Lyrikk*.

Utanom huset hadde vi eit vellukka gjestespel til Stockholm med *November* av Lars Norén. Vi gjesta teaterfestivalen i Vilnius med *Vakkert* av Jon Fosse. *Vakkert* var også på turné i Møre og Romsdal i samarbeid med Teatret Vårt i Molde. *Werther* vart framført under jazzfestivalen i Molde i juli. Teatret hadde mange gjestespel i huset og samarbeidsprosjekt med andre teater i 2001, både frå inn- og utland.



HISTORIER FRÅ WIENERSKOGEN, Gjertrud Jynge

# RESULTATREKNESKAP 2001

	Note	(tal i NOK 1000)	
		2001	2000
<b>TEATERDRIFTA</b>			
<b>DRIFTSINNTEKTER:</b>			
Eigne inntekter	1	24 032	22 295
Tilskot	2	<u>93 471</u>	<u>99 935</u>
<b>SUM DRIFTSINNTEKTER</b>		<b><u>122 231</u></b>	<b><u>117 503</u></b>
<b>DRIFTSKOSTNADER:</b>			
Varekjøp		3 793	3 681
Kostn. v/arbeidskraft	3	86 810	86 194
Ordinære avskrivningar	6	2 268	4 448
Andre driftskostnader	4	<u>22 217</u>	<u>24 282</u>
<b>SUM DRIFTSKOSTNADER</b>		<b><u>118 606</u></b>	<b><u>115 088</u></b>
<b>DRIFTSRESULTAT TEATERDRIFTA</b>		<b><u>3 625</u></b>	<b><u>2 414</u></b>
<b>UTLEIGEDEL AV TEATERHUSET</b>			
Leigeinntekter		2 421	2 421
Avskriving - utleigedelen	5	1 131	1 192
Kostnader inkl. renter		<u>1 230</u>	<u>290</u>
<b>RESULTAT AV UTLEIGEDELEN</b>		<b><u>0</u></b>	<b><u>0</u></b>

	Note	2001	(tal i NOK 1000) 2000
<b>FINANSRESULTAT</b>			
Renteinntekter		968	1 817
Rentekostnader		1 358	1 436
Finansresultat		-390	381
RESULTAT FØR SKATTEKOSTNADER			4 006 2 024
Skattekostnad		0	0
<b>ÅRSOVERSKOT</b>		<b>2 024</b>	<b>4 006</b>
<b>DISPONERING AV ÅRSRESULTAT</b>			
Overskot mot udekt tap			-4 006 -2 024
Sum disponert		-2 024	-4 006



PINOCCHIO, Kathrine Blomstrand, Erland Bakker og Øyunn Bjørge

## BALANSE PR. 31.12. 2001

	Note	(tal i NOK 1000)	
		2001	2000
<b>EIGNELUTER</b>			
<b>ANLEGGSMIDEL:</b>			
VARIG DRIFTSMIDEL			
Teaterhuset	5	43 167	41 976
Tomteverdi	5	9 007	9 007
Teknisk utstyr, inventar o.a.	6	4 811	<u>3 262</u>
SUM VARIG DRIFTSMIDEL		<u>54 245</u>	<u>56 985</u>
<b>SUM ANLEGGSMIDEL</b>		<b><u>54 245</u></b>	<b><u>56 985</u></b>
<b>OMLAUPSMIDEL:</b>			
FORDRINGAR			
Varelager		110	247
Forskot forfattarhonorar			43
Lån til Staten	6B	0	22 200
Andre fordringar			<u>2 248</u>
SUM FORDRINGAR		<u>24 738</u>	<u>2 892</u>
AKTIVERTE OPPSETJINGSKOSTNADER			927
KASSE, BANK OG POSTGIRO		13 321	8 112
<b>SUM OMLAUPSMIDEL</b>		<b><u>38 986</u></b>	<b><u>13 358</u></b>
<b>SUM EIGNELUTER</b>		<b><u>70934230</u></b>	<b><u> </u></b>



STANDARD SELECTION, Erlend Bakker og Kirsti Stubø

	Note	(tal i NOK 1000)	
		2001	2000
<b>EIGENKAPITAL OG GJELD</b>			
<b>EIGENKAPITAL:</b>			
BUNDEN EIGENKAPITAL			
Lutmidel (12.272 luter a kr. 400.-)	7	4 909	4 909
Eigenkapitalinnskot Staten	7B	<u>22 200</u>	<u>0</u>
<b>SUM INNSKOTEN EIGENKAPITAL</b>		<b><u>27 109</u></b>	<b><u>4 909</u></b>
OPPTENT EIGENKAPITAL			
Udekt tap	8	<u>-13 671</u>	<u>-17 678</u>
<b>SUM OPPTENT EIGENKAPITAL</b>		<b><u>-13 671</u></b>	<b><u>-17 678</u></b>
<b>SUM EIGENKAPITAL</b>		<b><u>13 427 69</u></b>	<b><u>_____</u></b>
<b>GJELD:</b>			
AVSETJING FOR PLIKTER			
Pensjonsplikter	10	23 395	21 688
Avsetjing til vedlikehald	9	0	<u>650</u>
<b>SUM AVSETJING FOR PLIKTER</b>		<b><u>22 338</u></b>	<b><u>23 395</u></b>
ANNA LANGSIKTIG GJELD			
Pantelån	11	40 809	<u>37 918</u>
<b>SUM ANNA LANGSIKTIG GJELD</b>		<b><u>37 918</u></b>	<b><u>40 809</u></b>

	Note	(tal i NOK 1000)	
		2001	2000
<b>KORTSIKTIG GJELD</b>			
Leverandørar		2 426	2 917
Kassakreditt	11	0	41
Skuldig offentlege avgifter		6 680	6 923
Forskotsinnbetalt for billettar		1 638	661
Anna kortsiktig gjeld inkl. feriepengar		<u>8 261</u>	<u>8 898</u>
<b>SUM KORTSIKTIG GJELD</b>		<u>19 537</u>	<u>18 908</u>
<b>SUM GJELD</b>		<u>83 112</u>	<u>79 793</u>
<b>SUM EIGENKAPITAL OG GJELD</b>		<u>93 230</u>	<u>70 343</u>
Garantiansvar		198	173

*SNART KJEM TIDA, Ingunn Øyen, Lasse Kolsrud, Svein Erik Brodal, Hilde Olausson, Iren Reppen og Svein Roger Karlsen*



# NOTAR TIL REKNESKAPEN 2001

(Alle tall i NOK 1000)  
2001                    2000

## NOTE 1. EIGNE INNTEKTER

Billettsal: Hovudscenen	14 895	14 669
Billettsal: Scene 2	2 021	1 495
Billettsal: Prøvesalen	500	561
Programsal	524	645
Turné/oppøkjande inkl. programsal	63	906
Andre inntekter	<u>4 291</u>	<u>5 756</u>
 Sum	 <u>22 295</u>	 <u>24 032</u>

VAKKERT, Morten Espeland og Heidi Gjermundsen



	(Alle tall i NOK 1000)	
	2001	2000
<b>NOTE 2. TILSKOT</b>		
Driftstilskot: Staten	95 995	92 228
Tilskot til investeringar: Staten	2 200	0
Tilskot til pensjonsordning: Staten	1 297	0
Urframføring av ny norsk dramatikk: Staten	60	60
Støtte til ny norsk dramatikk: Norsk Kulturfond	0	125
Tilskot til gjestespel: Norsk Kulturråd	150	0
Tilskot til gjestespel: Det Kongelige Utenriksdep.	75	0
Tilskot til gjestespel: Foreningen Norden	8	0
Tilskot til fagopplæring	110	58
Tilskot til «Open Scene»	0	1 000
Tilskot frå Venner av Det Norske Teatret	<u>40</u>	<u>0</u>
<b>Sum</b>	<b><u>99 935</u></b>	<b><u>93 471</u></b>
<b>NOTE 3. KOSTNAD VED ARBEIDSKRAFT</b>		
Lønn	65 382	64 961
Arbeidsgjevaravgift	10 825	10 753
Honorar	4 586	5 383
Pensionar/forsikringar	<u>5 400</u>	<u>5 713</u>
<b>Sum</b>	<b><u>86 194</u></b>	<b><u>86 810</u></b>
Av dette lønn til:		
Teatersjef	567	458
Styret	45	45
Det er ikkje gjeve lån til dagleg leiar, styreleiar eller andre nærståande partar.		
Det er ingen einskilde lån/garantiar som utgjer meir enn 5% av selskapets eigenkapital.		
Garantiansvar for tilsette	173	198
Revisor		
Kostnadsført revisjonshonorar (i 2001 inkl. mva.)	95	85

(Alle tall i NOK 1000)  
2001                    2000

#### NOTE 4. ANDRE DRIFTSKOSTNADER

Kostnader v/lokale	4 675	4 095
Reparasjon og vedlikehald	3 148	1 739
Marknads-/info.kostnader	7 403	7 132
Forfattarhonorar	2 496	2 728
Andre driftskostnader	<u>6 560</u>	<u>6 523</u>
 Sum	<u>24 282</u>	<u>22 217</u>

#### NOTE 5. TEATERHUSET/TOMTEVERDI

TEATERHUSET (DER UTLEIGEDELEN INNGÅR)		
<b>Kostpris</b>	<u>489 340</u>	<u>489 340</u>
Nedskrive med tilskot	424 625	424 625
Akkumulerte avskrivningar pr. 31/12	<u>13 733</u>	<u>12 541</u>
 <b>Bokført verdi pr. 31/12</b>	<u>50 982</u>	<u>52 174</u>
Avskrivningar dette året	<u>1 192</u>	<u>1 131</u>

Teaterhuset (utleigedelen) skal skrivast ned i takt med avdrag på langsiktig lån knytt til bygget.  
Restverdien, når utleigedelen er nedskriven, vil vere som tomteverdien, som ikkje kan avskrivast.

## NOTE 6. VARIG DRIFTSMIDEL

	(Alle tall i NOK 1000)	
	2001	2000
<b>TEKNISK UTSTYR, INVENTAR</b>		
Bokført verdi pr. 01.01.	4 811	5 908
Tilgang kjøpt driftsmidel	2 899	1 171
Avgang selt driftsmidel	-	-
<b>BOKFØRT VERDI 31.12.</b>	<u>7 710</u>	<u>7 079</u>
Avskrivningar, ordinære dette året	-2 248	-2 268
Avskrivningar, ekstra tilskot frå Staten	-2 200	-
<b>BALANSEFØRT VERDI PR. 31.12.</b>	<u><b>3 262</b></u>	<u><b>4 811</b></u>

### Note 6B

Førebels er eigenkapitaltilskotet frå Staten ikkje utbetalt. Dette beløpet vil bli overført til eit bunde bankinnskot i 2002.

## NOTE 7. LUTMIDEL OG INFORMASJON OM LUTEIGARANE

	Sum	Pål.	Bokført
Luter registrerte i VPS	7 500	400	3 000
Luter ikkje registrerte i VPS	<u>4 772</u>	<u>400</u>	<u>1 909</u>
<b>Sum</b>	<u><b>12 272</b></u>		<u><b>4 909</b></u>
L/L Det Norske Teatret har 4.635 luteigarar pr. 31.12.01. Alle lutene gjev same rett i selskapet.			
Oversikt over dei største luteigarane pr. 31.12.01.			
	Sum:	Eigardel:	
BUL Oslo	1 353	11,03 %	
Haugesund Mållag	481	3,92 %	
Fokus Bank	358	2,92 %	
Venner av Det Norske Teatret	200	1,63 %	
Mållaget i Kristiansand	166	1,35 %	
Gjensidige Skade	<u>130</u>	<u>1,06 %</u>	
<b>Sum</b>	<b>2 688</b>	<b>21,90 %</b>	
Andre (eigardel<1%)	<u>9 584</u>	<u>78,10 %</u>	
<b>Sum</b>	<b><u>12 272</u></b>	<b><u>100,00 %</u></b>	

Oversikt over luter til styremedlemmer og teatersjef, inkludert ektefellar og barn. Dei eig til saman 10 luter i Det Norske Teatret. Desse fordeler seg slik:

Berge Furre	3
Magnus Rindal	1
Vidar Sandem	1
Herbjørn Sørebø	1
Vidar O. Steine	1
Magne Lindholm	2
Pål Pande-Rolfsen	1

#### Note 7B

Staten har gjeve eit eigenkapitaltilskot som dekkjer delar av den eigenkapitalreduksjonen som teatret fekk den gongen pensjonsplikter vart innarbeidde. I balansen er denne summen vist som bunden eigenkapital.

#### NOTE 8. EIGENKAPITAL

	Lutmidel	(Alle tall i NOK 1000)	Udekt tap
Balanse pr. 1/1	4 909	-17 678	
Overskot/underskot	<u>0</u>	<u>4 006</u>	
Balanse pr. 31/12	<u><u>4 909</u></u>	<u><u>-13 671</u></u>	

#### NOTE 9. VEDLIKEHALD

Teatret står overfor store kostnader i åra som kjem, både når det gjeld teknisk utstyr og vedlikehald av bygget. I 2001 er det sett av kr. 650.000 til framtidig vedlikehald.

## NOTE 10. PENSJONAR

### SIKRA PENSJONSPLIKTER

Pensjonsplikter for dei tilsette er dekte gjennom Gjensidige NOR Spareforsikring (GNS). Det er gjort ei aktuarmessig utrekning av pensjonsplikter/pensjonsmidlar der føresetnad om lineær opptening er lagt til grunn. Det er ein føresetnad at alle tilsette blir i teneste til pensjonstidspunktet eller til ein fell frå.

### USIKRA PENSJONSPLIKTER

Det Norske Teatret har ein tariffesta avtalefesta førtidspensjonsordning (AFP). Avtalen gir rom for at tilsette kan få pensjon frå 62 til 67 år. Teatersjefar har avtale om tilleggspensjon ut over den kollektive pensjonsordninga som blir finansiert over drifta i selskapet. Like eins har teatret ein avtale om pensjon til dansarane frå fylte 48 år og fram til fylte 67 år. Desse ordningane blir rekna som usikra ordningar.

	(Alle tall i NOK 1000)	
	2001	2000
<b>USIKRA PENSJONSPLIKTER:</b>		
Pensjonsplikter (brutto)	24 299	23 914
Pensjonsmidel (marknadverdi)	0	0
Pensjonsplikter (netto) før arb.g.avg.	24 299	23 914
Periodisert arbeidsgjevaravgift	<u>3 279</u>	<u>3 371</u>
<b>NETTO USIKRA PENSJONSPLIKTER</b>	<u>27 578</u>	<u>27 285</u>
<b>SIKRA PENSJONSPLIKTER:</b>		
Pensjonsplikter (brutto)	27 041	24 670
Pensjonsmidel (marknadsverdi)	<u>-32 929</u>	<u>-28 560</u>
Pensjonsplikter (netto) før arb.g.avg.	-5 888	-3 890
Periodisert arbeidsgjevaravgift	<u>0</u>	<u>0</u>
<b>NETTO USIKRA PENSJONSPLIKTER</b>	<u>-5 888</u>	<u>-3 890</u>
<b>NETTO PENSJONSPLIKTER I BALANSEN</b>	<b><u>21 690</u></b>	<b><u>23 395</u></b>
<b>ØKONOMISKE FØRESETNADER</b>		
Avkasting på pensjonsmidel	7,00 %	7,00 %
Diskonteringsrente	7,00 %	6,00 %
Årleg lønnsvekst	3,30 %	3,30 %
Årleg G-regulering	3,30 %	3,30 %
Årleg regulering av pensjonar under utbetaling	2,50 %	2,50 %
Gjennomsnittleg arbeidsgjevaravg.faktor	14,10 %	14,10 %

## NOTE 11. TRYGD FOR PANT

Som trygd for pantegjeld i Fokus Bank på 37.9 mill. kroner og kassakredittgjeld er det tinglyst panteobligasjonar i Teaterhuset. Vidare har Staten og Oslo Kommune saman tinglyst ein panteobligasjon på 858 mill. kroner til trygd for tilskotet i Teaterhuset inkludert ein eventuell verdiauke. Dette ansvaret blir aktuelt dersom teaterverksemda i bygningen ikkje blir driven i samsvar med gjeldande vedtekter i L/L Det Norske Teatret.

*TESKJEKJERRINGAS JULESTRID, Marit Kolbræk og Ragnar Dyresen*



# KONTANTSTRAUMOPPSTILLING 2001

	2001	(Tal i NOK 1000) 2000
<b>KONTANTSTRAUMAR FRÅ OPERASJONELLE AKTIVITETAR</b>		
Resultat før skattekostnad	4 006	2 024
Ordinære avskrivningar	5 640	3 399
Skilnad kostnadsført pensjon og inn-/utbetalingar i pensjonsordningar	-1 707	-352
Endring i leverandørgjeld	491	661
Lån til staten knytt til eigenkapitaltilskot	-22 200	0
Endring i andre tidsavgrensningspostar	<u>2 528</u>	<u>2616</u>
<b>NETTO KONTANTSTRAUM FRÅ OPERASJONELLE AKTIVITETAR</b>	<u>-11 242</u>	<u>8 348</u>
<b>KONTANTSTRAUMAR FRÅ INVESTERINGSAKTIVITETAR</b>		
Utbetalingar ved kjøp av varig driftsmidel	-2 899	-1 171
Innbetalingar ved sal av andre investeringar	0	0
Tilbakebet. eigenkapitaltilskot KLP	<u>0</u>	<u>662</u>
<b>NETTO KONTANTSTRAUM FRÅ INVESTERINGSAKTIVITETAR</b>	<u>-2 899</u>	<u>-509</u>
<b>KONTANTSTRAUMAR FRÅ FINANSIERINGSAKTIVITETAR</b>		
Innbetalingar ved opptak av ny langsigkt gjeld	0	0
Eigenkapitaltilskot Staten	22 200	0
Nedbetaadt langsigkt gjeld	-2 891	-2 831
Endring kassekredittgjeld	<u>41</u>	<u>-1 130</u>
<b>NETTO KONTANTSTRAUM FRÅ FINANSIERINGSAKTIVITETAR</b>	<u>19 350</u>	<u>-3 961</u>

	2001	(Tal i NOK 1000) 2000
<b>EFFEKT AV VALUTAKURSENDRINGER PÅ KONTANTAR</b>		
Netto endring i kontantar	5 209	3 878
Kontantbeholdning 01.01	8 112	4 234
<b>KONTANTBEHALDNING 31.12</b>		
	<u>13 321</u>	<u>8 112</u>
<b>SPESIFIKASJON AV KONTANTBEHALDNINGA VED PERIODE SLUTT</b>		
Bankinnskot, kontantar og liknande	13 321	8 112
Av dette bunde til skattetrekk	<u>3 632</u>	<u>3 763</u>
<b>I TILLEGG HAR SELSKAPET FØLGJANDE TREKKRESERVE</b>		
Ikkje nytta kassekreditt	<u>4 959</u>	<u>5 000</u>

NOVEMBER, Ole Johan Skjelbred-Knudsen, Kirsti Stubø, Bjørn Floberg og Britt Langlie



# REVISJONSMELDING FOR 2001

Vi har revidert årsrekneskapen for L/L Det Norske Teatret for rekneskapsåret 2001.

Årsrekneskapen syner eit overskot på kr. 4.006.419. Vi har også revidert opplysningane i årsmeldinga om årsrekneskapen, føresetnaden om at drifta skal halde fram og framlegg til bruk av overskotet. Årsrekneskapen er samansett av resultatrekneskap, balanse, kontantstraumoppstilling og opplysningar i notar. Årsrekneskapen og årsmeldinga er lagde fram av styret og dagleg leiar for selskapet. Vår oppgåve er å vurdere og uttale oss om årsrekneskapen og andre tilhøve slik revisorlova krev.

Vi har utført revisjonen i samsvar med revisorlova og norsk god revisjonsskikk. God revisjonsskikk krev at vi planlegg og utfører revisjonen slik at den gir oss den tryggleiken vi

treng for at årsrekneskapen ikkje innehold vesentleg feilinformasjon. Revisjon omfattar kontroll av utvalde delar av materialet som ligg til grunn for informasjonen i årsrekneskapen, vurdering av dei rekneskapsprinsippa som er nytta, og av vesentlege rekneskaps-estimat, og dessutan vurdering av innhaldet i og presentasjonen av årsrekneskapen. I den grad det følgjer av god revisjonsskikk, omfattar revisjon også ein gjennomgang av forvaltinga av formuen og rekneskap- og intern kontrollsystema i selskapet. Vi meiner at revisjonen vår gir eit forsvarleg grunnlag for konklusjonane.

Vi meiner at

- årsrekneskapen er lagt fram i samsvar med lov og forskrifter og gir eit uttrykk for selskapet si økonomiske stilling 31. des. 2001 og for resultatet og kontantstraumane i rekneskapsåret i samsvar med norsk god rekneskapskikk

- leiinga har oppfylt plikta si til å syte for ordentleg og oversiktleg registrering og dokumentasjon av rekneskapsopplysningar i samsvar med norsk god rekneskapskikk
- opplysningane i årsmeldinga om årsrekneskapen, føresetnaden om at drifta skal halde fram og om forslaget til bruk av overskot, er konsistente med årsrekneskapen og er i samsvar med lov og forskrifter
- og vi stadfestar at tilskotet frå staten, etter vårt syn, er nytta i samsvar med dei føresetnader som er gjevne i departementets tildelingsbrev.

Oslo, 18. mars 2002.

PricewaterhouseCoopers DA

Arne Brænden (sign.)  
Statsautorisert revisor

# STYRET

Medlemmer og varamedlemmer i styret har sidan siste årsmøte vore:

Medlemmer:

Berge Furre (styreleiar)

Magnus Rindal (nestleiar)

Herbjørn Sørebø

Vidar O. Steine

Siri Hatlen

(valde etter tilråding frå staten)

Magne Lindholm

Pål Pande-Rolfsen

(valde av dei fast tilsette på teatret)

Varamedlemmer:

1) Astrid Versto

2) Ragnhild Sælthun Fjørtoft

Liv Krabberød

Kari Bjørke

Olav R. Spilling

1) Sigve Bøe

2) Elisabeth Matheson

3) Tone Ringen

1) Else Britt Jacobsen

2) Tony Bruschinski

3) Ellen Huuse

Styret har hatt 10 møte i år 2001.

## VAL

Etter vedtekten skal årsmøtet i år velje 4 styremedlemmer for to år og 5 varamedlemmer for eitt år.

Av styremedlemmene er Berge Furre, Herbjørn Sørebø, Vidar O. Steine og Siri Hatlen på val og varamedlemmene Astrid Versto, Ragnhild Sælthun Fjørtoft, Liv Krabberød, Kari Bjørke og Olav R. Spilling.

Valnemnda vil gjere framlegg om ein kandidat som styremedlem og to kandidatar som varamedlemmer.

Tre styremedlemmer med personlege varamedlemmer skal veljast etter tilråding frå staten. Det er ein klar føresetnad for statusen som nasjonal institusjon og for å kome inn under gjeldande tilskotsordning for slike institusjonar, at årsmøtet vel dei kandidatane som er peika ut som målsmenn for staten.

Dei tilsette vel to medlemmer til styret frå dei fast tilsette med tre varamedlemmer til kvar.

Valnemnd: Sølvi Kaupang Paulsen, Audun Heskstad, Kristian Hanto.

Årsmøtet skal òg etter framlegg frå styret velje valnemnd for årsmøtet 2003.

# MÅLPOLITISK RÅD 2001

Rådet har hatt to møte i meldingsåret. 21.4. heldt lektor Jon Peder Vestad ei innleiing om «Utfordringar for nynorsk normaltalemål». Vestad underviser ved Høgskulen i Volda og er språkkonsulent for NRK. Innleiinga hans tok utgangspunkt i nynorsken som kringkastings-språk og førte til ein livleg og interessant debatt der også skilnaden mellom mediespråk og teaterspråk var oppe.

Den 24.11 hadde rådet samla teatret sine eigarorganisasjonar og nærskyldde tiltak for å drøfte teatret si rolle i samarbeidet mellom nynorsktiltaka. Desse innleide: Johan Einar Bjerke (NU), Rutt Trøite Lorentzen (NM), Vidar Lund (BUL), Audun Heskstad (Det Norske Samlaget), Kari Bjørke (Nynorsk Kultursentrum) og Berge Furre (DNT). Debatten etterpå var gjevande. På begge møta orienterte teatersjefen om repertoaret og styreformannen om teaterstoda elles.


Desse har vore med i målpolitisk råd denne perioden:

Årsmøtevalde:  
Atle Faye (ordførar), Tormod Bønes,  
Ragnar Hovland, Hildegun Riise, Unn  
Røyneland, Margit Walsø, Øystein

*30GTOSAMAN, Grethe Ryen, Magne  
Lindholm og Sverre Solberg*

Djupedal, Frøydis Lehmann, Nils Sletta,  
Håvard Gunnbjørnsson Tangen, Guri  
Vesaas  
Varamedlemmer: Eli Bjørhusdal,  
Åsmund Lien, Hege Myklebust, Grete  
Riise, Torill Lund Born, Bård Eskeland

Frå Noregs Mållag:  
Rutt Trøite Lorentzen, Anne Elise  
Winterhus, Hans Olav Brendberg, Marta



Østerås Falch, Anne Steinsvik Nordal  
Varamedlemmer: Nils Moldøen, Morten  
Larsen Espeland  
Frå Noregs Ungdomslag:  
Kristian Fjellanger, Astrid Skogset  
Fuglesang, Svein Terje Holtelite, Johan  
Einar Bjerke, Marianne Hovda Gausvik  
Varamedlemmer: Ida Marie Holmin,  
Terje Dyrnes

Valnemnd: Nana Rise, Alf Steinar  
Nestad, Roald Waktskjold

Ordføraren, 10 av rådsmedlemmene og alle varamedlemmene er på val.  
I år skal det veljast 3 medlemmer etter tilråding frå Noregs Mållag og 2 etter tilråding frå Noregs Ungdomslag.  
Av rådsmedlemmene er desse på val:  
Årsmøtevalde: Ordførar Atle Faye,  
Øystein Djupedal, Frøydis Lehmann, Nils  
Sletta, Håvard Gunnbjørnsson Tangen,  
Guri Vesaas.

Noregs Mållag: Hans Olav Brendberg,  
Marta Østerås Falch, Anne Steinsvik  
Nordal

Noregs Ungdomslag: Johan Einar  
Bjerke, Marianne Hovda Gausvik

Årsmøtet skal i år velje ein ny medlem i valnemnda etter Nana Rise som går ut.

Atle Faye  
ordførar



*PINOCCHIO, Øyunn Bjørge og Sigve Bøe*

## ANDRE AKTIVITETAR

### GARBORGÅRET 2001

Den offisielle opninga av Garborg-året 2001 gjekk føre seg på Hovudscenen 25. januar i nærvær av HKH prinsesse Märtha Louise. Kvinnedagen 8. mars arrangerte vi ein Hulda-salong på Scene 2. Elles har ein i dette året feira Hulda og Arne Garborg med utstilling i foajeen, Lunsj & Lyrikk i fleire omgangar, ymse laurdagsmatinear, gjestespel og samarbeidsprosjekt.

Teater Createx framførte *Frie forhold*. Svein Erik Brodal og Bernhard Ramstad har hatt to framføringer av *Før aarhundredet nedrødmer*, ei dramatisering av ein språkhistorisk konflikt mellom Garborg og Bjørnson av Liv Marit Aksnes og Sveinung Time. Sigve Bøe og Gunnhild Kverness framførte programmet *Hulda+Arne=sant* tre gonger den 17 mai! Dette programmet har vore ute på omfattande turnéar både i Hedmark og Rogaland forutan i nærområdet.

Elisabeth Matheson og Synneva Erdal framførte ein scenisk versjon av Garborg-romanen *Fred 8* gonger; dessutan gjesta dei Sandnes og Bryne med framsyninga. Rogaland Teater gjesta oss med si framsyning *Trette menn*. Wenche Elena Medbøe framførte Garborg-program for skolelevar på Labråten i Asker.

20. oktober var det stor Garborg-konsert på Hovudscenen med Kringkastings-orkestret og solistar. Konsernet markerte òg utdelinga av årets Hedda-prisar.

### SPELFERDER

Det Norske Teatret vart invitert av Svenska Riksteatern til Stockholm med framsyninga *November* av Lars Norén. Vidare gjesta teatret teaterfestivalen i Vilnius med framsyninga *Vakkert* av Jon Fosse og kunne syne fram ny norsk dramatikk for første gong der.

Den framsyninga var òg på turné i Møre og Romsdal i samarbeid med Teatret Vårt i Molde. *Werther* vart framført første gong under jazzfestivalen i Molde i juli. Utdrag av framsyningane *Bør Børson* og *Pinocchio* er blitt framført på ulike kjøpesenter og på Holmenkollen Park Hotell.

### GJESTESPEL

I 2001 har teatret hatt ekstra mange gjester i huset, mellom anna kan vi nemne: Svenska Riksteatern gjesta oss i to omgangar med *Akt/Kommer och försvinner* av Lars Norén i mai, og i oktober kom dei tilbake med *Måsen* av Anton Tsjekov i Lars Noréns regi. Ein kan

nesten seie at vi hadde ein Lars Norén-festival; hans stykke *Tiden er vårt hjem* gjesta oss i Teater Ibsen si oppsetjing.

Trøndelag Teater gjesta oss med *Berre kjærleik og død*, eit minneprogram av Ingar Slatten Kolloen om Tor Jonsson. Det Norske Tegnspråkteatret gjesta oss for første gong med sin versjon av *Jeppe på Berget*. Også i år har teatret samarbeidd med Ultimafestivalen, *A, ein skuggeopera* av Paal-Helge Haugen og Cecilie Ore.

### EVENTYRFORTELJETEATERSTUND

Eventyrstundene, som går føre seg i foajeen på Scene 2 laurdag ettermid-dagar, var godt besøkte også i 2001. I september var HKH prinsesse Märtha Louise *gjesteforteljar*. Prinsessa las eventyra på nynorsk, og sjarmerte alle i salen med sitt naturlege og vinnande vesen.

### ORD OVER GRIND

Tone Ringen har tatt initiativ til og leier ei postkasse i foajeen kan publikum leggje ønske om dikt dei gjerne vil ha lesne. Ein laurdag ettermiddag i månaden blir desse dikta presenterte av skodespelarar på teatret.

## NYNORSK KULTURHELG

Kulturhelga vart avvikla same helga som Det Norske Teatret og Det norske Samlaget heldt årsmøta sine. Dei fleste arrangementa gjekk føre seg på teatret. Målet for kulturhelga er å synleggjere målrørla i Oslo og vere ein miljøbyggjar. Også i år vart eit allsidig program presentert der fleire av innslaga var knytte til Garborg-året 2001.

I programnemnda sat Vidar Sandem, Margit Walsø, Sølv Kaupang Paulsen.

## LAURDAGSMATINÉAR

13. januar:  
**TOR JONSSON TIL MINNE**  
ved Tor Jonsson-selskapet  
Scene 2

10. mars og 21. april:  
**FØR AARHUNDREDET NEDRØDMER**  
ved Svein Erik Brodal og  
Bernhard Ramstad  
Prøvesalen

17. mars:  
**BERGFRUE OG ASFALTDRONNING**  
ved Jannik Bonnevie  
Prøvesalen

28. april og 8. september:  
**AV ALLA ALLANS VISOR – EN EDWALL-KABARET**  
ved Randi Kveine og Gisle Erlien  
Prøvesalen, Scene 2

5. mai og 12. mai:  
**HISTORIEN OM DEN VILLE ANDA**  
ved Ingunn Beate Øyen  
Prøvesalen

15. september:  
**SONGEN UM KLOKKA**  
ved Ørstakoret  
Foajeen plan 2

22. september:  
**TRETTE MENN**  
ved Signy Sandsberg og Fridtjof Såheim

29. september:  
**MINNEMATINÉ FOR ÅSE-MARIE NESSE**  
ved Tone Ringen og Svein Erik Brodal

24. november:  
**BEETHOVEN OG VI**  
Oslo Strykekvarsett  
Scene 2

1. desember:  
**FLØYTELÅT OG ORMELJOD**  
ved Jakob Sande-selskapet  
Scene 2

15. desember:  
**HAUGTUSSA**  
Samarbeid med Radioteatret  
Prøvesalen

## LUNSJ & LYRIKK

Veke 2 Liv Dommersnes  
